



Skatteetaten

Aksjeoppgåva 2017 - Selskap

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Utskriftsdato 07.03.2018
Aksjonær 951 549 770

Vår referanse 2017/1003232-1

Informasjon til selskap som eig aksjar

Denne oppgåva er berre til orientering. Aksjeselskap som eig aksjar, skal ikkje levere "Aksjeoppgåva 2017 - Selskap".

"Aksjeoppgåva 2017 - Selskap" kan innehalde feil eller manglar. Blir det oppdaga feil som har noke å seie for det skattemessige resultatet til selskapet, skal dette ikkje rettast i denne oppgåva. Selskapet må sjølv føre opp det rette skattepliktige beløpet i Skattemeldinga for formues- og inntektsskatt - aksjeselskaper mv 2017.

Aksjeinntekter som fell utanfor fritaksmetoden er skattepliktige, og tap gjev frådragsrett. Dersom selskapet har realisert slike aksjar, skal "Gevinst, tap, utbytte på aksjar og andre finansielle produkt (kun for selskap) 2017" (RF-1359) leverast. Skattepliktig utbytte skal òg bli ført i RF-1359.

Kva er "Aksjeoppgåva 2017 - Selskap" (RF-1088S)

"Aksjeoppgåva 2017 - Selskap" (RF-1088S) gir ei oversikt over selskapet sine aksjar i norske aksjeselskap og utanlandske selskap registrerte på Oslo Børs, som er registrerte i aksjonærregisteret til Skatteetaten. Oppgåva viser òg eigenkapitalbevis i norske sparebankar.

Oppgåva har to delar:

- Oversikt over aksjar selskapet eigde i 2017
- Oversikt over selskapet sitt kjøp og sal i 2017, og eventuell gevinst- og tapsutrekning

